

# MRSA-PCR, for inneliggende pasientar

Analysen blir utført i Mikrobiologisk avdeling si opningstid, måndag – fredag 08:00 - 15:00, laurdag 08:00 - 14:00. Prøvar må leverast seinast 2 timar før stengetid.

## Analysemetode

Molekylær deteksjon av Staphylococcus aureus og resistensgen Mec. Xpert SA Nasal Complete Assay (Cepheid).

## Indikasjon

Indikasjonar for MRSA-screening framgår av MRSA-veilederen frå Folkehelseinstituttet. Forkorta oversikt over indikasjonar: Sjå [MRSA-screening](#).

## Prøvetaking

Utførast med eSwab. Frå pasientar takast rutinemessig prøve frå

- Nasebor (vestibulum nasi) (ein kan bruke same pensel på begge sider), for prøvetaking, sjå [her](#).
- Hals (begge tonsillar og bakre svelgvegg)
- Perineum
- Evt. sår, eksem, ferske arr eller andre defektar i hud, rundt innstikkstad for framandlekamar (kateter, dren, trakeostoma, og liknande) , kateterurin (dersom pasienten har permanent kateter).

Ved prøvetaking frå infiserte sår, utslett og liknande fjernast eventuelt først puss og skorper med sterilt saltvatn.

Merk remissen tydeleg med problemstillinga, t.d "Pasient som har vore innlagt i ..... MRSA-screening".

## Prøvetakingsutstyr

eSwab. Det er ikkje naudsynt å nytte bakteriologisk pensel i tillegg. Alle prøvar til hurtigdiagnostikk av MRSA vil bli dyrka frå eSwab-mediet.



## Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

### **Haldbarheit**

3 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

### **Vurdering i laboratoriet**

Påviser tre ulike gen frå MRSA-bakterien.

### **Forventa analysetid**

2 timar etter registrering ved Mikrobiologisk avdeling. Dersom det er prøvar frå fleire enn to pasientar vil analysetida forlengast.

### **Feilkjelder**

Feil prøvetakingslokalisasjon.

Lite prøvemateriale og lang transporttid aukar risikoen for falskt negativt resultat.

Eit negativt svar frå MRSA-PCR gjer at det er lite sannsynleg at pasienten er berar av MRSA, men falske negativ og falske positive resultat kan forekomme med denne type diagnostikk. Alle innleverte prøvar for MRSA-PCR vil også bli dyrka med tanke på MRSA (sjå her). Det er difor ein moglegheit for at PCR resultat i etterkant vil bli overstyrt av dyrkningsresultat. I høgrisikosituasjonar med stor fare for spredning vert det oppfordra til å vere varsom med oppheving av smitteisolering basert på negativ MRSA hurtigdiagnostikk åleine.

### **Utførast av**

Molekylærbiologisk eining

### **Fagområde**

Bakteriologi

### **Rekvisisjonsskjema**

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

### **Medisinsk fagleg ansvarleg**

Reidar Hjetland

### **Sist oppdatert**

31.05.2018 Reidar Hjetland